

Årsmelding for

Nedstrand sokneråd

2020



Soknet har følgjande mål for arbeidet:

(Soknerådet har i 2020 begynt arbeidet med ny visjon og strategiplan, men på grunn av covid19 er den ikkje heilt ferdig. Vi reknar med at utpå våren 2021 blir den klar.)

Nedstrand sokneråd ynskjer at kyrkja skal komme i møte med, og oppmuntre, alle døypte og udøypte i soknet, slik at ein opplever seg velkommen og berika i all kyrkjeleg verksemd i soknet.

- Vi vil:
- 1/ Stimulere til gudstenesteliv som rører, frigjer og utrustar.
 - 2/ Styrkje arbeidet blant barn og unge
 - 3/ Bygge livsnære fellesskap
 - 4/ Frigjere mangfaldet av tenester, evner og nådegåver

2020 har på inga måte vore eit normalt år. Frå 13. mars stengte Noreg ned og dette har prega vårt arbeid i soknet. Gudstenester og arrangement har blitt avlyste, eller fått endra gjennomføring. Ein del folk har valt å ikkje vere med på arrangement som har blitt gjennomført. Dette pga pandemien og smittevern.

Gudstenestelivet

7 gudstenester har blitt avlyst. 4 planlagde gudstenester (Ung messe og Konfirmasjon) blei flytta til september. Det medførte av soknet hadde 11 gudstenester i løpet av ein måned. Julaften gjennomførte vi 4 gudstenester med påmelding. Omlag 50 personar var til stades på kvar gudsteneste. Den eine i Nedstrand blei leia av Ståle Hustoft. Pga smittevernsreglane har vi hatt færre folk på gudstenestane.

Korte videohelsingar blei lagt ut på Facebook sidene våre i den tida vi ikkje kunne ha gudstenester.

OVERSIKT 2020:

(Tal frå 2019 i parentes)

14 (10) dåp.

55 (64) gudstenester på søndag og hellig-/høgtidsdagar. Her er dåpsgudstenestar innkludert.

2 (1) gudstenester for barnehagen.

7 (2) gudstenester for grunnskulen.

4 dåpsgudstenester utanom søndag og helligdager..

Til saman var det 3239 (**4147**) deltakarar. Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenestane har vore **48 (69)** personar.



Fra vielse for Henriette Værvågen og Chris Daniel Rørvig

I dette unntaksåret av vi hatt god respons på invitasjonar til gudstenestedeltaking i samband med kyrkjenærtiltak og når konfirmantane deltek,

medan ordinære høgmesser har vore merkbarter dårlegare besøkt.

I tilknytning til gudstenestane har vi mange frivillige som deltek: klokkarar, kyrkjevertar, songarar og dei som lagar kyrkjekaffi. Vi ynskjer også at konfirmantane deltek regelmessig med oppgåver i gudstenesta. Rådet vil retta ei stor takk til alle dei som gjer ein frivillig innsats i kyrkjelyden.

Kyrkjenær: Trusopplæring 0 til 18 år

Kyrkjenær skal femna alle døypte og tilhøyrande i alderen 0-18 år. Arbeidet i Kyrkjenær følgjer ein felles plan for Nedstrand, Tysvær, Førresfjorden og Bokn sokn, med enkelte lokale variasjonar.

Kyrkjenær starta august 2007. Alle medlemmar i målgruppa får tilsendt invitasjon, og dersom nokon som ikkje er medlem av den norske kyrkja ynskjer å delta, er dei hjarteleg velkommen til det.

Kyrkjelydspedagogen planlegg og legg til rette, medan fleire frivillige, deriblant konfirmantar, tek del i gjennomføringa av dei forskjellige tiltaka - og gjev såleis eit viktig bidrag inn i trusopplæringa. I ein store del av tiltaka er foreldre eller andre frå familien med. Å delta i dei ulike tiltaka, og få oppleve barna sitt engasjement og korleis ein jobber med trusformidling i kyrkja kan vere til stor glede for dei som er medleiarar.

Ved barsedåp får alle dåpsbarn dåpslys og dåpsklut frå Kamerun. Dåpssamtalen har presten som regel heime hjå dåpsfamilien.

Babysong: er eit viktig grunnlagsarbeid for trusopplæringa. Babysong vart ikkje gjennomført i 2020 på grunn smittevern og sjukmelding.

Dåpshelsing 1 år Alle dei 15 barna med 1 års dåpsdag fekk helsingane (Innramma bilete av kyrkja med bønna ”Kjære Gud”) levert på døra av kyrkjelydspedagogen dette året. Ein fin måte å få helse på familiane rundtom og ei anledning til å fortelle om Kyrkjenær- programmet framover.

Dåpshelsing 2 år I mangel på Babysong og i stadenfor å dele ut helsing, inviterte vi for første gong til kort samling i kyrkjene for 2 åringane med foreldre, der barna fekk 2 årsbok, og hørte

historier og sangar ut frå den. Målet var å skape kontakt og nærleik og tryggleik for foreldre og barn. Viktig samling, men berre 6/16 var påmeldte denne første gongen.



Undretur: 3-åringane vert inviterte til undretur i kyrkja på ein laurdag, og blir vidare invitert til familiegudstenesta der også barnebibel til 4-åringane blir delt ut. Borna blei kjent med kyrkjerommet, preikestolen, døypefonten og orgelet. Vi hørte forteljinga om sauen som gjekk seg bort og deretter song vi saman. Boka Kyrkja Mi blir delt ut til på samlinga og blir godt tatt i mot. Tiltaket blir gjennomført i begge kyrkjene same dag. 8 av 14 barn deltok (saman med føresette).

Janne Eide hadde ansvaret saman med Steinar Alvsaker (organist).

Barnebibelen vert delt ut til alle 4-åringane i soknet. I forkant av utdelinga vert alle inviterte til ei ettermiddagssamling der borna får bli kjent med bibelforteljinga om Jesus. Dei lager også eit bokmerke med akvarell og perling. Borna kjem saman med foreldre. Dette året måtte bollebaking erstattast med enkel servering av kjeks. Flink konfirmanthjelp til i begge kyrkjene. På samlingane var 16/18 med, men heile 24 tok imot bibelen (=133%)! Altså ein stor andel ikkje-medlemar ynskjer at barnet får bibel.

Julekrybbeverkstad for 5-åringane. I løpet av 2 samlingar i kyrkjene får borna lage si eiga julekrybbe i ei lita eske. Dette året måtte dette gjerast annleis; pga av Korona situasjonen.



Frå utdeling av figurar til julekrybbe i Skjoldastraumen.

Janne Eide erstatta verkstaden med samlingar i dørøpninga på kyrkja i Skjoldstraumen og i stallen utanfor Nedstrandskyrkja, der ungane kom med foreldre og fekk med seg esker med figurane heim. 100 % oppmøte på Nedstrand, 2/7 i Straumen.

Dåpsskule: Dette år også blei dåpsskulen lagt til ei samling for 1. klassingane saman med foreldre (pga. koronarestriksjonar), med tema DÅP. Boka "Tre i eit tre" blei dette året delt ut på samlinga. Bra oppslutning, 13 av 24 deltok. Janne Eide hadde ansvar for samlinga saman med Dag Tormod.

Hausttakkefest:



Frå Haustakkesamling på Tveit vgs.

Hausttakkesamling på Tveit vgs. Veldig bra oppmøte frå både Straumen og Nedstrand 17/24. Vi henta barna frå skulen, foreldre henta etter arr. God kommunikasjon med skule/SFO. Veldig godt samarbeid med Tveit vgs, flinke elevar og lærar Per Helle skapte ein flott dag for ungane!

Borna fekk lære om Gud skapte jorda, oppleve mangfaldet i naturen, bli minna om vår oppgåve i å ta vare på skaparverket, ta opp poteter og ete eit

godt grillmåltid. NYTT av året var at dei skapte eit bilete som vi stilte ut i kyrkjene i gudstenesta. Dette var med å bringe fleire born til kyrkja den dagen. Janne Eide hadde ansvaret saman med Dag Tormod.

Diakonidag: På skulane sin planleggingsdag i januar vert 3. klassingane invitert til Diakonidag på Nedstrand. Dette året måtte vi legge det til etter skoletid onsdag. Ada følgde barna på bussen frå Straumen til Nedstrand. Barna lærte om diakoni, baka hjarteboller, song, øver teater. Vi besøkte Nedstrandstunet på ettermiddagskaffe og var i badebassenget. Janne Eide hadde ansvar saman med diakon Kjersti. Gode hjelparar; Ada Høvring, Ester Åsheim, Dietlind Nakling og Alf Ellingsen. *Oppmøte 11 av 14.*

Misjonsdag: På skulane sin planleggingsdag i september blir vanlegvis 9-åringane inviterte til aktivitetsdag på Stemnestaden i samarbeid med dei andre sokna. Dette lot seg ikkje gjere å gjennomføre dette året. Det blei utarbeidd eit digitalt opplegg om Misjon for barna.

Bibelutdeling og leir: 5.klassingane får Bibel av kyrkjelyden sin. Alle blir invitert til utdelingsgudstenesten. Dei som ikkje får bibelen i gudstenesten får den levert heim.

Soknet har lang tradisjon for å arrangere leir for 5.klassingane i tilknytning til bibelutdelinga. Vi samarbeider med Førresfjorden, Tysvær og Bokn sokn om leir på Stemnestaden. Pga korona-epidemien blei det ikkje mulig å gjennomføre leiren planlagt i april. Men vi arrangerte felles samling "Bibelpizza" der 5.klassingane fekk vere saman om å utforske bibelen og bli kjende. God oppslutning med 17/27 medlemmer. 32 mottok bibelen (119%)!



Fra «Bibelpizza» på Soknatun for 5.klassingar.

Lys Vaken: Første helga i advent inviterer vi vanlegvis 11-åringane til Lys Vaken i Nedstrand

kyrkje. Dette kunne ikkje gjennomførast i 2020, men vi vonar å kunne ha ei LysVaken-samling i februar 2021.

7-klassestreff: Temaet for kvelden var nettvett og bevisst nettbruk. eit felles arrangement med Førresfjorden, Tysvær og Bokn sokn. Årets samling i Aksdal måtte følge strenge smittevernsreglar, med "kun" 60 deltakar. Janne Eide hadde hovudansvar for kvelden. *Frå Nedstrand sokn deltok 7 av 23 dette året.*



Fellesopplegg i Aksdal kyrkje om nettvett og bevisst nettbruk

Tiltak for 13-åringane: 13-åringane frå Nedstrand blir inviterte til å vere med på sommaravslutninga for Ungdomstreff på Soknatun slik at dei kan bli litt kjent og kanskje få lyst til å begynne på Ungdomstreff til hausten. I 2020 gjekk dette ut.

Trusoppføringsutval: Dette året vart det i soknerådet oppnemnd 2 medlemar i soknerådet til trusoppføringsutvalet; Jarle Yrkje og Gunn Elisabet Ertenstein. I tillegg er Ada Høvring og Åsne B. Hustoft med. Utvalet har hatt eit møte i 2020.

Konfirmantundervisninga har god oppslutnad. 18 konfirmantar har følgd undervisning dette året (2019/2020) fordelt på 6 i Nedstrand og 12 i Straumen.

Konfirmantane deltek på minst 8 gudstenester, der dei har ulike oppgåver. Vidare består opplegget av samlingar i vekene, ein friluftsløp som er obligatorisk (Øvre Amdal) og ein frivillig leir (Brandøy). Dei har i tillegg hjelpeleiaroppgåver på Kyrkjenær-arrangement og i barne- og ungdomsarbeidet i soknet.



Årets konfirmantar Nedstrand

Årets innsamlingsaksjon til Kirkens nødhjelp blei på grunn av covid19 ikkje gjennomført som dør til dør aksjon. Konfirmantane blei oppfordra til å delta i den digitale innsamlingsaksjonen. Det meste av konfirmantundervisninga var ferdig då Norge stengte ned 13. mars. Den siste delen av undervisninga, Ung messer og konfirmasjonsgudstenestar blei flytta til september. Det var begrensa kor mange familie og venner som kvar konfirmant kunne ha med på konfirmasjonsdagen. Vårt inntrykk er at det på tross av utsettelse og andre begrensninger blei ein god avslutning på konfirmasjonsopplegget.

For konfirmantkullet 20/21 er opplegget godt i gang. Turen til Øvre Amdal blei endra til samling utan overnatting.



Årets konfirmantar i Skjoldastraumen

Ung over konfirmantaldar:

Vi har i Nedstrand ikkje tiltak i regi av Kyrkjenær for unge over konfirmasjonsalderen (men kor og KRIK samlingar i Aksdal er felles for heile Tysvær) . I Nedstrand deltek mange på Ungdomstreff annakvar fredag og nokre deltak på ungdomsarbeid i Førresfjorden.

Anna arbeid blant barn og unge

Barnekor: SoulKids for born frå 5.klasse og oppover. Mellom 4-8 deltek der. Tirsdagsklubben har hatt samlingar.

Nedstrand Barneforening rakk å halde 3 samlingar før Norge covid19 slo til. På grunn av covid 19 har **Tirsdagsklubben** har ikkje hatt samlingar i år

Etter skoletid i Straumen

Vi hadde to samlingar på onsdagar i SFO tiden.før 13. mars. Etter det er det på grunn av smittevern hensyn ikkje blitt invitert til fleire samlingar.

Ungdomsnemnda i Nedstrand (under soknerådet) driv ungdomstreff annakvar fredag på Soknatun der det møter 15-25 ungdommar. Etter 13. mars har det ikkje vore Ungdomstreff.

Adventstida: Det har og i år vore samlingar ved ”Stallen” utanfor Nedstrand kyrkje dei fire sundagane i advent. Vi «opnar» krybba i forbindelse med lysmessa. Det har vore godt oppmøte på samlingane i år. Mange tek turen innom stallen for å sjå nærare på figurane. Òg i vekedagane.

Anna arbeid

Det skjer óg anna arbeid i soknet-der soknerådet ikkje direkte **er** involvert: Sundagskule og Fredagsklubb på Vatland bedehus. Dette er eit viktig arbeid som soknerådet er takksam for og ynskjer å gje oppmuntring og støtte. Barneforening med samlingar på Soknatun ein onsdag i månaden i SFO tiden. Dette arbeidet har og vorte prega av covid19 og i liten grad gjennomført etter 13.mars.

Familiearbeidar:

Soknet har hatt 10% stilling som familiearbeidar Ein del av desse midla blir inntil vidare brukt i kyrkjelydspedagogstillinga som blei auka frå 45% til 50%. Soknet brukar og av desse resursane til timelønn for ein leidar for Etter skoletid i Straumen.

Mangfald av tenester, evner og nådegåver.

Det er mange frivillige som stiller opp til dei forskjellige tiltaka i soknet. Dette er soknerådet takksame for og kyrkjelydane avhengige av. Samstundes treng vi stadig fleire frivillige.



Samarbeid med lag og foreiningar.

Soknet har eit breitt og godt samarbeid med mange lag, foreiningar, og kommunale institusjonar i soknet. Vi har regelmessig kontakt med kulturskulen, barnehagane, Nedstrandstunet og Grendasenteret i Skjoldastraumen. Nedstrand bygdemuseum er med å arrangerer friluftsgudsteneste og Bygdekvinnelaget i Straumen og Nedstrandsbuen har medverka på Hausttakkegudstenestene.



I vår ble andaktane på Nedstrandtunet avlyste. Men i slutten av april kunne vi **samlast** til andakt ute.

I barnehage-kyrkje-samarbeidet har vi innarbeida julevandring med 5-åringane og barnehagegudsteneste før jul. Dette blei ikkje gjennomført i år, men barnehagane blei invitert til gudsteneste på dagtid.

I skule-kyrkje-samarbeidet har vi skulegudstenester, samt at soknepresten regelmessig underviser: 2. trinn om kyrkjebygget, kyrkjeåret og symbol. 4. trinn om død og gravferd. 5. trinn om Bibelen. 9/10. trinn om sorg og kriser. Samarbeidet med skulane følgjer ein plan som er godt innarbeida. I år blei det halde 7 skulegudstenestar med dei korhortane som skulane har.

Anna verksemd i soknet sin regi

Konfirmantfest. Den årlege festen for konfirmantar, foreldre og 50 års konfirmantar blei i år ikkje gjennomført.

Årsmøte for kyrkjelyden

Årsmøtet for 2020 vart planlagd til 29.mars i Nedstrand vart ikkje gjennomført.

Diakoni

Ved hjelp av frivillige gir soknerådet *ei blomsterhelsing* til dei som har "runde" fødselsdagar: Ved 80, 85, 90, og kvart år etter det.

Misjonsprosjekt: Soknet har frå 1. juli valgt nye misjonsprosjekt for de komande fire åra. NMS sitt arbeid i midtausten, mellom anna Sat 7Tv arbeid. Og Stefanusalliansen med Stefanusbarna og arbeid i Egypt. Soknet har forplikta seg til å støtte kvart prosjekt med kr 20 000 pr år.

Soknet støttar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Ved hjelp av konfirmantane gjennomfører soknet vanlegvis dør til dør innsamling. I 2020 blei innsamlinga gjennomført digital og resultatet blei kr 37525 (i 2019 kr 34850)

Livsnære fellesskap

Soknerådet har ikkje noko organisert arbeid for smågrupper. Dei frivillige organisasjonane har forskjellige samlingar på bedehusa og der er nokre bibelgrupper og kvinneforeiningar i soknet.

Ei gruppe frivillige i kyrkjelyden har på eige initiativ starta med samlingar og bibelgruppe i Skjoldastraumen.

Nedstrandtunet: Soknepresten har regelmessig andaktar på Nedstrandtunet, Sosialsenteret på Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastraumen. Andaktane blei avlyst frå 13. mars. Frå september har andaktane igjen blitt halde

Samarbeidet med leiinga og aktivitetsleiarar er god og det gjer det mogleg å kome i kontakt med ein stor del av dei eldre i soknet.

Kyrkjelydsbasar vart utsett frå mars og gjennomført 25. september med «digital» trekning streamet over facebook. Loddsalet blei gjort hovudsakleg ved hjelp av Vipps. Resultatet blei bra. Vi fikk inn kr 36248

Julekonsertar

Også i 2020 var det fine julekonsertar både i Nedstrand og Skjoldastraumen.

I Nedstrand leia Arne Jon Myskja arrangementet med solistar og gode musikarar. Det blei halde to konsertar med til saman ca 75 deltakarar. (216 i 2019).

I Skjoldastraumen blei det konsertar i friluft (og regn....) Synnøve Bårdsen Lindanger samlet messingblåsarar og Elfrid Ørke Nes ledet barnekor. 4 korte konsertar blei gjennomført i Yrkje, Bådsvik, på Skulehaugen og ved grendasenteret. Til saman møtte ca 180 personar på desse 4 konsertane (140 personar i kyrkja i 2019).



Frå «Jul på hjul» i Skjoldastraumen

Nedstrand kyrkjeforum

(medlem i Norske kirkeakademier)
har gjennom året hatt fleire kulturarrangement i kyrkja som soknet er medarrangør på:

Pinsekonsert vart i år avlyst.

I juli blei det arrangert konsertar «*Musikk i sommarkvelden*» 3 onsdager kl 20-21 i Nedstrand kyrkje. Gratis entré og VIPPS direkte til artist:
15.juli Daniel Dossev (Saksofon) & Ove Olaisen (Orgel/piano)

22.juli Marit Klovning (Cello), Magnhild Moe (Cello), Ingrid Klovning (Piano)

15.juli Daniel Dossev & Ove Olaisen.

Tilsaman 100 personar på dei 3 kveldane.

Svein Tingberg hadde **førestillinga** «*Som skrive står*» i Nedstrand kyrkje 1. november. Det var eit samarbeid med bLest.

Open kyrkje – blei ikkje gjennomført i 2020 pga. **pandemien**.

Tilsaman 100 personar på dei 3 kveldane.

I styret til Nedstrand Kyrkjeforum sit Janne Eide, Bjørg Rørtveit, Sissel Myskja, Alf M. Ellingsen. Brit Silgjerd, Gunn Elisabet Ertenstein og Anne Siri Haukeland (representerer soknerådet).

Kyrkjeforumet hadde sitt årsmøte saman med kyrkjelyden dette året.

Kyrkjjetonar

Sokna i Tysvær samarbeider om å gje ut Kyrkjjetonar. Marit Kvalheim Heien representerer Nedstrand sokneråd i styret. Ingrid Hustoft Landro er redasjonsmedarbeider

Soknatun

Soknet eiger Soknatun og det er god drift av huset. Det er eige styre og rekneskap for huset. Åge Baustad representerer soknerådet i styret

Kyrkjene og kyrkjegardar

Det er kyrkjeleg fellesråd/kyrkjevevja som har ansvar for drift. Nødvendig vedlikehald blir forsøkt gjort etter kvart som det blir oppdaga at det trengs. Eit stort vedlikehaldsarbeid blei i desember gjort ferdig på Nedstrand kyrkje. Tårn og tak blei lagt om og dårleg treverk blei skifta.

Epitafie-måleria restaurerte

Dei to store epitafie-måleria som høyrer til bak i Nedstrand kyrkje har i lengre tid vore i Stavanger til restaurering, eit arbeid leia av Anne Ytterdal, malerikonservator ved arkeologis museum. I oktober kom dei tilbake til Nedstrand kyrkje.



Malerikonservator Anne Ytterdal fortel om bildene til konfirmantane.

Varamedlem (1. vara møter fast, alle får innkalling):

- | | |
|---------|-----------------------------|
| 1. vara | Anne Siri Haukeland |
| 2. vara | Beate Hoftun Lindgren |
| 3. vara | Gunvor Elisabeth Sørli |
| 4. vara | Gunn Elisabeth H Ertenstein |
| 5. vara | Leif Holgersen |

Rådet har i 2020 hatt 6 møter og har handsama 23 saker.

Nokre møter har vorte halde på Messenger

Økonomi

Rekneskap for 2020 er ikkje klart når årsmelding vart skrive. Offerinntektene har vært på kr 124181 (153 586). Av dette gjekk kr 33399 til eiga arbeid. Kr 5700 kom inn i gjevarteneste. Soknet sin økonomi er god og gjer det mogleg å drive ynskja arbeid.

Fellesrådet: Ståle Hustoft og Synnøve Bårdsen Lindanger er medlemmer i Tysvær kyrkjelege fellesråd.

Bispedømmerådet: Dag Tormod Milje er medlem i bispedømmerådet, valdt av prestane i bispedømmet.

Tilsette med hovudansvar i Nedstrand sokn:

Sokneprest: Dag Tormod Milje
Organist: Steinar Alvsaker frå 1. september.
Kyrkjelydspedagog Janne Irene Eide.
Kyrkjetenar (og kyrkjegardsarbeidar)i Nedstrand:
 Gunn Elisabeth Hellenen Ertenstein
Kyrkjetenar Skjoldstraumen: Karoline Landro
Reinhaldar: Gunn Elisabeth Hellenen Ertenstein
Sekretær: Katrine Eide

Nedstrand 18. januar 2021

Synnøve Bårdsen Lindanger
 Leiar Nedstrand Sokneråd

Soknerådet

Nedstrand sokneråd

Leiar:	Synnøve Bårdsen Lindanger
Nestleiar:	Ståle Hustoft
Sekretær:	Åge Baustad
Medlem:	Marit Heien
	Solveig Selvåg
	Jarle Yrke
	Sokneprest Dag Tormod Milje